

Møtereferat

Dato: 19.01.2017

Emne:	Referat frå møte om utvikling av skulebibliotek i VGS i Hordaland fylke		
Til stades:	Sissel Øverdal, Linda Farestveit, Hillevi Runshaug, Birthe Haugen, Laila Christin Kleppe, Ruth Ørnholt, Helene Systad, Anne Pihl		
Forfall:			Sak: 2016/3968-2
Møtetid:	5 januar 2017, 10.00-11.00	Møtestad: Varg Veum	

Møteleiar: Ruth Ørnholt

Referent: Anne Pihl

1. Presentasjon rundt bordet – Helene Systad er vikar for Annlaug Laupsa
2. «Falske nyhende og digital dømmekraft» - innleiing ved skulebibliotekkoordinator Anne Pihl om kjeldekritikk/digital dømmekraft og innspel om korleis skulebiblioteka kan spele ei rolle i undervisning av elevane.
3. Presentasjon av Strategiplan for utvikling av skulebibliotek, med påfølgjande diskusjon.
 - a. **Statusrapport skal leverast** august/september, økonomiske rammer kan då takast opp til politisk diskusjon.
 - b. Diskusjon om korleis skulebiblioteket som ressurs kan bli implementert i skulens planer – forslag frå Hillevi om at på dei regionale møta med rektorane 25 og 28 april kan skulebibliotekansvarlege frå skulane delta. Då kan strategiplanen for skulebiblioteka vere eit av tema. Koordinator for skulebibliotek deltar på møta. **Følgjes opp!**
 - c. Diskusjon om kvar i organisasjonen skulebibliotekaren høyrer heime, om dei er merkantile eller pedagogisk personale. Dette er noko rektorane vil spørje om i samband med nokre av formuleringane i strategiplanen. Det er viktig å ikkje hindre rektorane sitt handlingsrom. Det var semje om at bibliotekarar er stab og ikkje lærar (men heller ikkje merkantile), og at rektorane bestemmer kvar i organisasjonen dei høyrer heime.
 - d. Diskusjon om eigarskap til planen. Det er viktig å markere at skulebibliotekfunksjonen høyrer heime i Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, sjølv om det er fagleg forankring på Fylkesbiblioteket i Kultur- og idrettsavdelinga. Det at skulebibliotekkoordinator-stillinga er lønna av Opplæringsavdelinga med arbeidsplass i eit bibliotekfagleg miljø på Kultur- og idrettsavdelinga, gir gode synergjar for gjennomføring av planen.
 - e. Merknader rundt retningslinjer om bibliotekar-stillingar i strategiplanen: Det er eit ønske om å auke bibliotektilsette med 20 årsverk (frå dagens 16,5 til 34-38). Dette er ikkje realistisk slik økonomien er i dag. Birthe Haugen, seksjonsleiar for Fellestenestar, kommenterte at leiinga ved skulane kunne sjå på dei retningsgjevande tala som grunnlag for krav om auka lønsmiddel frå Opplæringsavdelinga, noko det ikkje er rom for i budsjettet. Fylkesadministrasjonen kan heller ikkje med utgangspunkt i strategiplanen påleggje

skulene å følgje opp med nye stillingar med lokale middel. Diskusjon om korleis ein kunne skape engasjement og vilje til å likevel få fleire stillingar knytt til skulebiblioteka.

4. Ruth Ørnholt kallar direktørane for Opplæring og Kultur inn til møte for å presentere planen, avklare framdrift og eigarskap.